



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 LONEVÅG

Vår dato: 24.04.2023

Vår ref.: 202305109-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 23/14 - 23/5714

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si uttale - Varsel om oppstart og offentlig ettersyn av planprogram - Kommunedelplan for kulturmiljø og kulturminne - Osterøy kommune

Vi viser til brev datert 10.03.2023. Saka gjeld varsel om oppstart og offentlig ettersyn av planprogram for Osterøy kommune sin kommunedelplan for kulturmiljø og kulturminne.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sine utvalde kulturminne

NVE tek i vare ansvaret for vassdrags- og energisektoren sine kulturmiljø. Vi har valt ut 227 anlegg med høg kulturminneverdi som vi prioriterer å følgje opp i vår sakshandsaming. Anlegga er presentert i fire temaplanar som blei gjevne ut mellom 2006 og 2013. I 2020 starta NVE opp eit prosjekt for å revidere utvalet av kulturminne. Målet med prosjektet er eit oppdatert utval som det er semje om, og ein rettleiar for oppfølging av anlegga. Samarbeidspartnarar er Riksantikvaren og fylkeskommunane. Kulturminna får status statleg listeført, noko som betyr at dei er identifiserte som verneverdige, og at NVE har eit eige ansvar for at dei vert tekne vare på i vår sakshandsaming. De kan lese meir om NVE sine utvalde kulturminne [her](#).

Herlandsfoss

Herlandsfoss kraftverk kom i drift med fire aggregat i 1919 og er eit av NVE sine utvalde kulturminne. NVE oppmodar dykk til å omtale kulturminnet i planen. Meir informasjon finn de på [kraftverket si nettside](#). Dersom de har spørsmål knytt til kulturminnet kan de ta kontakt med NVE sin seksjon for Informasjonsforvaltning og kulturhistorie.



Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Osterøy kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND